



## Forskrift om totalforbod mot bruk av eld for kommunane Alver, Austrheim og Modalen

**Heimel:** Fastsett av brannsjefen i Nordhordland brann og redning med heimel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets rednings oppgåver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 5, jf. forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging § 3 fjerde ledd, jf. kommunestyrets delegeringsvedtak.

### § 1 Formål

Forskrifta skal bidra til å redusera sannsyn for brann.

Bakgrunnen for innføring av denne lokale forskriften er den svært store brannfaren i ut- og innmark i regionen.

### § 2 Verkeområde

Forskrifta gjeld for kommunane Alver, Austrheim og Modalen.

### § 3 Kva som blir forstått med innmark og utmark

- a. Med innmark meiner denne forskriften tilrettelagte grillplassar, idrettsplassar, gardsplass, hustomt, dyrka mark, engslått og kulturbeite samt liknande
- b. Med utmark meiner denne forskriften udyrka mark som etter føregåande ledd ikkje reknast som innmark.

### § 3 Forbod mot bruk av eld i utmark og innmark

Det er forbodet å gjera opp eld som å brenne bål, bruke grill, storm kjøkken, andre kokeapparat, bålpanner og anna brenning med fast brensel (ved, kull, briketter, gras, greiner ol.) i skog og anna utmark i kommunane Alver, Austrheim og Modalen.

Forbodet om å bruke eld som nemnt i første ledd gjelder også på innmarksområder i nemnte kommunar.

Forbodet gjelder også for sankthansbål.

### § 5 Straff

Den som forsettleg eller uaktsamt bryt denne forskriften, kan straffast med bot eller fengsel, jf. brann og eksplosjonsvernloven § 42.

### § 6 Iverksetjing og varighet

Forskrifta trer i kraft fredag 16. juni 2023 kl 18:00. Forskrifta gjelder inntil videre, men ikkje lenger enn til og med fredag 30. juni 2023 kl 18:00.